



Raudt Sogn og Fjordane

Høyanger, 11.4.10

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa
Postboks 8010 Dep.

0030 OSLO

Høyringsvar om datalagringsdirektivet

Raudt Sogn og Fjordane meiner at Stortinget i denne saka må nytte reservasjonsretten som ligg i EØS-avtalen. Det finst mange grunnar til at ein ikkje må innføre datalagringsdirektivet i Noreg.

EU sitt datalagringsdirektiv legg opp til ei storstilt overvaking av den enkelte innbyggjar. Dette vil redusere privatlivet på ein slik måte at det strir mot grunnleggjande rettar i samfunnet. Den viktigaste grunngevinga for dei som vil innføre direktivet, er at ein lettare skal kunne etterforske terrormistenkte og andre kriminelle. Datalagringsdirektivet gjer derfor pålegg om lagring av trafikk-data for e-post, telefonbruk og internett-tilgong i 6-24 månader. Dette vil gå ut over personvernet til alle lovlidige borgarar og snur eit viktig prinsipp på hovudet ved at alle i utgangspunktet er mistenkte og vert utsette for overvaking. Slik det er i dag, har politiet tilgang til etterforskningsmetodar som frysing av trafikk-data eller kommunikasjonskontroll for å kunne ta lovbrytarar.

Det er også grunn til å tru at mange kriminelle vil nytte seg av teknologi som gjer at dei unngår lagring og som dermed ikkje blir omfatta av direktivet.

Datalagringsdirektivet vil også medføre store kostnader knytt til lagring av data, og det er stor fare for at data kan kome på avvegar. Det har vi sett fleire døme på allereie.

Det norske Datatilsynet har heile tida vore klare i sine protestar mot direktivet. Det har også dei tilsvarende tilsyna i alle EU-landa. I Tyskland avgjorde den tyske forfatningsdomstolen i mars 2010 at den tyske implementeringa av datalagringsdirektivet er forfatningsstridig. Det fører til at lova er ugyldig og at data som hittil er lagra må slettast.

Direktivet utfordrar både personvernet, ytringsfridomen og kjeldevernet, og det er tvilsamt om datalagringsdirektivet er i samsvar med artikkel 8 og 10 i Den europeiske menneskerettskonvensjonen som skal sikre grunnleggjande demokratiske rettar i samfunnet.

Raudt Sogn og Fjordane meiner at nytteverdien av datalagringsdirektivet ikkje kan vege opp for alle dei negative verknader det vil ha for den enkelte innbyggjar og for samfunnet som heilskap. Derfor må Stortinget bruke reservasjonsretten i EØS-avtalen dersom direktivet i det heile er EØS-relevant.

Raudt Sogn og Fjordane

Ingunn Kandal

Ingunn Kandal
fylkesleiar

Raudt Sogn og Fjordane

Boks 171

6991 HØYANGER

<http://raudt.no/sogn-og-fjordane>

Leiaren sin heimetlf.: 57 71 25 90

Leiaren sin mobiltlf.: 46 47 77 23

E.post:

inkan@online.no

Blogg: